

Nynorsk - 2011

Kysten er din

- reglar for fritidsfiske i sjøen



FISKERIDIREKTORATET

Innhold

Nye reglar	4
Reiskapar	4
Tillatne reiskapar	4
Avgrensingar	5
Teiner og ruser	6
Merking av fiskereiskap	7
Ansvar for andre sin reiskap	7
Fiske av utvalde artar	8
Hummar	8
Torsk	10
Laks	10
Kystsel	10
Avgrensingar i fiske etter andre artar	12
Minstemål	13
Freding	14
Omsetnad	15
Sal av eigenfiska fangst	15
Utførselskvote	15
Båten din	16
Registrering av båtar	16
Kvar kan du fortøye og gå i land?	16
Forvaring	17
Kulturminne i sjøen	17
Sjøfuglreservat	18
Vis omsyn!	19
Ferdsl ved oppdrettsanlegg	19
Ta vare på skjergarden!	19
Sikkerheit	20
Beredskap og overvaking	21
Fiskeridirektoratet	21
«Munin»	21
Kystverket	22
Statens naturoppsyn	22
Kystvakten	22
Nyttig kontaktinformasjon	23

Noreg si historie og utvikling er nært knytt til bruken av ressursane i kystsona.

Slik er det enno, sjølv om kystsona i nyare tid i aukande grad også er blitt ein stad for ferie og fritid.

Dette er ei utvikling som vil fortsette. Det er derfor viktig å sørge for at vår lange kyst med fjordar, øyar, holmar og skjer har plass til oss alle, også i framtida.

Noreg har lovfesta den unike allemannsretten som gir oss alle lov til å ferdast fritt i kystsona. Men med rettar følgjer også plikter. Ei rekkje lover og reglar er innført for å ta vare på kysten. Som brukar pliktartar du å setje deg inn i regelverket som regulerer ferdsel og utnytting av ressursane i kystsona.

Fritidsfiske og yrkesfiske i sjøen vert regulert av havressurslova av 6. juni 2008 og ei rekkje føresegner. I dette heftet finn du dei viktigaste reglane for fritidsfiske i sjøen. For yrkesfiskarar gjeld det andre reglar.

Meir informasjon finn du på fiskeridir.no

Kysten er din 2011

Nye regler

Nye regler frå 1. januar 2011:

- Minstemålet for torsk er 44 cm nord for 62° N.
- Minstemålet for hyse er 40 cm nord for 62° N.
- Fritidsfiskarar si muligheit til å fiske torsk for sal er redusert frå 2000 kg til 1000 kg per kalenderår.
- I fiske etter torsk er det berre tillate å bruke garn med ei samla lengde på 165 m.
- Forbod mot fiske av pigghå.

Frå 1. januar 2012 må botngarn som vert brukt sør for 62° N ha minste maskestorleik på 126 mm.

Reiskapar

Tillatne reiskapar

I fritidsfiske kan desse reiskapane brukast:

- handsnøre, fiskestong og liknande handreiskapar
- éi maskindrivne jukse eller dorg
- garn med samla lengde på inntil 210 m (men i fiske etter torsk er det berre tillate å bruke garn med ei samla lengde på opptil 165 m)
- liner med inntil 300 onglar
- inntil 20 teiner eller ruser

Avgrensingar

Reiskapsavgrensingane gjeld for alt fiske som føregår frå land eller frå fartøy, som ikkje er i Fiskeridirektoratet sitt register over fiskefartøy.

- Det kan ikkje brukast fleire reiskapar enn opplyst frå eitt enkelt fartøy, uavhengig av kor mange personar som fiske med fartøyet. Reiskapsavgrensingane gjeld også når same person eller dei same personane fiske med fleire fartøy.
- I fiske etter makrell kan ein ikkje bruke meir enn éin maskindrivne dorg med maksimalt 10 onglar per fartøy.
- Det er forbode å la reiskap, fortøyingar og andre gjenstandar stå igjen i sjøen eller på sjøbotnen utan grunn.
- Det er ikkje tillate å bruke levande dyr eller fisk til agn.
- Utanlandske turistar, eller personar som ikkje har fast opphald i Noreg, kan berre fiske med handreiskap. Fangsten kan ikkje omsetjast.
- Det gjeld eigne regler for bruk av hummarteiner og ruser. Sjå neste kapittel.
- Frå 1. januar 2012 må botngarn som vert brukt sør for 62° N ha minste maskestorleik på 126 mm.

Teiner og ruser

For å verne hummaren er det innført reiskapsavgrensingar i fiske med ruser og teiner på strekninga frå svenskegrensa til og med Møre og Romsdal. Det er også innført forbod mot bruk av ruser deler av året.

- 1. januar til 30. april kan du fiske med inntil 20 teiner eller ruser. Dersom du fiskar med både teiner og ruser, kan du ikkje bruke meir enn 20 ruser og teiner til saman.
- 1. mai til 30. september er det forbode å fiske med ruser. Forbodet er innført for å hindre bifangst av hummar.
- 1. oktober til 31. desember kan du fiske med inntil 10 ruser. Dersom du også fiskar med hummartainer, kan du ikkje bruke meir enn 10 ruser og hummartainer til saman.
- Det er forbode å fange hummar i ruse. Forbodet gjeld heile året. Dersom du får hummar i rusa, pliktar du å setje hummaren tilbake i sjøen.

På strekninga frå Trøndelag til grensa mot Russland kan du fiske med inntil 20 teiner eller ruser heile året.


For fleire detaljar om fiske med ruser, sjå fiskeridir.no

Merking av fiskereiskap

- Fiskereiskap som står i sjøen skal vere tydeleg merka med eigaren sitt namn og adresse. Merket skal finnast på minst éi av blåsene eller bøyene som høyrer til reiskapane. På utstyr som ikkje har blåse eller bøye, skal du merke sjølve reiskapen.
- Det gjeld spesielle reglar for området utanfor fire nautiske mil av kystlinja. I Finnmark gjeld desse reglane også innafor fire nautiske mil. Les meir på fiskeridir.no

Ansvar for andre sin reiskap

- Viss du kjem til eit område der reiskap er sett ut, pliktar du å gjere deg kjent med kvar reiskapen står.
- Du må ikkje manøvrere eller plassere båten din slik at du skadar reiskap, eller slik at fangstmulighetene vert hemma.
- Alle som skadar andre sin reiskap som er sett i sjøen for fangst, må erstatte skaden. Dette gjeld også tap av fangst og tap som følgje av avbrot i fisket.



Fiske av utvalde artar

Hummar

Dei siste åra er regelverket for fiske etter hummar gradvis innskjerpa, med føremål å byggje opp att ein berekraftig bestand av arten. I hovudtrekk gjeld følgjande reglar for hummarfiske:

- På kyststrekninga frå svenskegrensa til og med Sogn og Fjordane er det tillate å fange hummar i perioden frå 1. oktober kl. 08.00 til og med 30. november. For resten av landet er fisketida frå 1. oktober kl. 08.00 til og med 31. desember.
- Hummar er berre tillate å fiske med hummarteiner. Hummar teke med annan reiskap skal setjast tilbake i sjøen.
- Hummar med utvendig rogn er freda heile året.
- Minstemål for hummar er 25 cm.
- Fritidsfiskarar har ei reiskaps-avgrensing på 10 hummarteiner per person og per fartøy.
- I teiner som er sett ut for fangst av hummar, skal det vere minst éi sirkelforma fluktopning på kvar side av reiskapen. Opningane skal vere minst 60 mm i diameter.
- I teiner som er sett ut for fangst av krabbe på kyststrekninga frå grensa mot Sverige til og med Tysfjord kommune i Nordland, skal det vere minst éi sirkelforma fluktopning på begge sider av reiskapen. Opningane skal vere minst 80 mm i diameter.
- Fluktopninga skal vere plassert heilt nede ved reiskapsbotnen, men ikkje lenger nede enn at det vert fri passasje gjennom opningane når reiskapen står ute for fangst.
- I perioden frå 1. oktober til 31. desember er det forbode å setje eller trekkje teiner på kyststrekninga frå svenskegrensa til og med Vest-Agder frå og med laurdag kl. 24.00 til og med søndag kl. 24.00.
- I hummarfredingstida er det ei djupnegrense for fritidsfiskarar på minimum 25 m for setjing av krabbeteiner frå svenskegrensa til Varnes fyr på Lista. For resten av kyststrekninga er det ikkje fastsett minimumsdjupne for setjing av krabbeteiner.
- Det er ikkje lov å setje eller trekkje teiner for å fange hummar på kysten frå svenskegrensa til og med Vest-Agder frå éin time etter solnedgang til éin time før soloppgang dagen etter.
- I fredingstida er det forbode å lagre hummar i sjøen. På kyststrekninga frå svenskegrensa til og med Sogn og Fjordane kan du likevel lagre hummar i sjøen fram til 31. desember.
- Hummar som ved inngangen til fredingsperioden er innmeldt og registrert av salslaga for omsetnad, kan oppbevarast i sjøen inntil slik omsetnad kan skje.

Torsk

- Minstemål for torsk er 44 cm nord for 62° N, og 40 cm sør for 62° N.
- Det er berre tillate å bruke garn med ei samla lengde opptil 165 m ved fiske etter torsk.
- Maskestorleiken skal ikkje vere mindre enn 156 mm nord for 62° N.
- Fritidsfiskarar kan maksimalt fiske 1000 kg torsk (heil fisk) for sal per kalenderår.
- Frå 1. januar 2012 må botngarn som vert brukt sør for 62° N ha minste maskestorleik på 126 mm.

Laks

- Fritidsfiskarar kan fiske i sjøen etter laks med stong og hand-snøre heile året, og dei treng ikkje betale avgift for å fiske etter laks, sjøaure eller sjørøye.
- Det er ikkje tillate å bruke meir enn to snøre eller stenger per båt.
- Alle bundne, fastståande reiskapar som vert brukte til fangst av laksefisk skal vere merka med eit nummer som du får tildelt av Fylkesmannen i fylket der du fiskar.
- Garn med maskestorleik større enn 32 mm skal i perioden frå og med 1. mars til og med 30. september senkast, slik at heile fangstdelen står minst 3 m under havoverflata. Dersom du likevel får laksefisk i garnet, må du setje fisken ut igjen.

Fiske i vatn og vassdrag, og fiske etter laks og sjøaure i sjø, er administrert av miljøvernstyresmaktene. Nærare informasjon får du ved å vende deg til Fylkesmannen si miljøvernavdeling i det aktuelle fylket eller til Direktoratet for naturforvaltning.

Kystsel

Fylkeskommunen har ansvar for kystseljakt, og ingen kan delta i jakt på kystsel utan løyve frå fylkeskommunen i det området jakta skal gå føre seg. Søknadsskjema og ytterlegare informasjon får du ved å kontakte den aktuelle fylkeskommunen.

For 2011 gjeld følgjande jakttider:

- Havert – sør for Stad:
1. februar–30. september
- Havert – nord for Stad:
2. januar–15. september
- Steinkobbe – langs heile kysten:
2. januar–30. april og
1. august–30. september
- Ringsel og grønlandssel – langs heile kysten: 2. januar–30. september

Jakt på kystsel er rekna som ei krevjande jaktform, og for å delta i jakta vert det stilt krav om at du har avlagt skyteprøve for storviltjegerar.

Kvotar og fangstområde for kystsel finn du på [fiskeridir.no](#)



Foto: Samfoto

Avgrensingar i fiske etter andre artar

- Det er forbode for fritidsfiskarar å fiske rognkjeks i Nordland, Troms og Finnmark.
- Det er avgrensingar i tilgjenge til å fiske kongekrabbe aust for 26° A (omtrent ved Nordkapp).
- Det kan gjelde særskilde avgrensingar som følgje av lokale reguleringar i fiskeri langs kysten, slik som til dømes under sesongfiskeria etter torsk i Lofoten og i Møre og Romsdal.

Minstemål

Det er fastsett minstemål* for ei rekkje fiskeslag og skaldyr. Det tyder at dersom du får ein fisk som er under minstemålet, skal du løyse den forsiktig frå fiskereiskapen og sleppe den ut i sjøen igjen. Viss fisken er død eller ikkje levedyktig, kan du ta den med heim og ete den.

Art	Område	Minstemål
Kveite		80 cm
Breiflabb i garnfiske		60 cm
Torsk	Nord for 62° N	44 cm
	Sør for 62° N	40 cm
Hyse	Nord for 62° N	40 cm
	Sør for 62° N	31 cm
Kviting		32 cm
Uer		32 cm
Raudspette	I Skagerrak	27 cm
	Utanom Skagerrak	29 cm
Hummar		25 cm
Krabbe	Svenskegrensa til og med Rogaland	11 cm
	Nord for Rogaland	13 cm
Store kamskjel		10 cm

* Lengda på fisken vert målt frå snutespissen til enden av dei yttarste strålane på halesporen. Hummar måler ein frå spissen av pannehornet til bakre kant av midtre symjelapp. For krabbe gjeld største breidde på skalet.

Minstemål gjeld ikkje for fiske med handsnøre i samband med arrangement i regi av fiskarforeiningar og der barn og unge er målgruppe.

Fullstendig minstemålstabell finn du på fiskeridir.no

Freding

Al

Det er innført totalforbod mot fiske av ål både i sjøen og i norske vassdrag.

Pigghå

Frå 2011 er det innført forbod mot å fiske pigghå.

Kveite

Sør for 62° N er det forbode å fiske etter kveite i perioden 20. desember–31. mars.

Nord for 62° N er det forbode å fiske etter kveite med annan reiskap enn krok i perioden 20. desember–31. mars.

Breiflabb

Nord for 62° N er det forbode å fiske breiflabb med garn i tidsrommet 1. januar–20. mai og 20. desember–31. desember.

I området mellom 62° N og 64° N gjeld forbodet i perioden 1. mars–20. mai.

Uer

Det er forbode å fiske uer med garn og snøre nord for 62° N i tidsrommet 1. mars–30. juni og 1. september–30. september. Forbodet gjeld ikkje for fartøy som fiskar med jukse.

Omsetnad

Sal av eigenfiska fangst

Fritidsfiskarar kan omsetje fangsten sin, men med visse avgrensingar:

- Ein person eller eit føretak kan ikkje omsetje fangst for meir enn kr 50 000 per kalenderår. Dersom fleire personar eller føretak fiskar med same fartøy, kan det til saman ikkje omsetjast for meir enn kr 50 000 av fangst teke med dette fartøyet per kalenderår. Grensa gjeld altså både per person/føretak og per fartøy.
- Omsetnaden skal alltid skje gjennom eit fiskesalslag eller godkjend kjøpar. Fiskeridirektoratet har oversikt over kven som er registrert som godkjende kjøparar av fisk.
- Fritidsfiskarar kan maksimalt fiske 1000 kg torsk (heil fisk) for omsetnad per kalenderår.
- Dersom fiskeristyresmaktene har fastsett fiskestopp for yrkesfiskarar, kan heller ikkje fritidsfiskarar fiske for omsetnad. Då må fisket avgrensast til eige hushald.

Utførselskvote

- Som fritidsfiskar eller turistfiskar kan du føre 15 kg fisk eller fiskevarer per person ut av landet, inkludert foredla produkt som fiskefilet og liknande. Du kan i tillegg føre ut éin heil troféfisk.
- Ferskvassfisk, laks, sjøaure og røye er ikkje omfatta av utførselskvoten.
- Fisk som turistar kjøper direkte frå yrkesfiskarar er unntatte utførselsavgrensinga på 15 kg.

Båten din

Registrering av båtar

Fritids- og småbåtar mindre enn 15 m bør registrerast i Småbåtregisteret.

Kvar kan du fortøye og gå i land?

- Normalt kan du bruke fortøyingsboltar og -ringar også utanom offentlege friluftsområde i kortare tid når desse ikkje vert brukte av grunneigar.
- Du har lov til å ferdast fritt i båt, til å fortøye og gå i land i utmark langs kysten. Dersom du er i tvil om ei strandstrekning kan reknast som innmark, kan du ta kontakt med grunneigar eller brukar og spørje om dei har noko imot at du fortøyer og går i land.
- Du kan ikkje slå opp telt nærare enn 150 m frå hus eller hytte utan løyve frå grunneigar.
- I skjergardsparkar og på offentlege friområde er det ikkje tillate å fortøye båten slik at du hindrar ferdsel i sund og vikar, eller bruken av merka bade plassar.

Kysten er din 2011

Forvaring

Kulturminne i sjøen

Det er viktig at kulturhistoriske verdiar ikkje går tapt. Meld derfor frå dersom du gjer funn – slik medverkar du til at historia vår blir rikare.

Båtar som er meir enn 100 år, skipsskrog, last og anna som har vore om bord er staten sin eigedom. Lov om kulturminne slår fast at ingen har lov til å grave fram, flytte, ta opp eller på annan måte gjere noko som kan skade slike gjenstandar.

Viss du finn slike kulturminne pliktar du å melde frå til næraste politistasjon eller til eitt av desse musea:

- Norsk sjøfartsmuseum i Oslo
- Stavanger sjøfartsmuseum
- Stavanger museum
- Bergen sjøfartsmuseum
- Vitenskapsmuseet i Trondheim
- Tromsø Museum ved Universitetet i Tromsø

Staten kan fastsetje ei passende finnarlønn. Nærare opplysingar om kulturminne i sjøen kan du få ved dei nemnde musea.

Kysten er din 2011



Foto: Samfoto

Sjøfuglreservat

Det er oppretta ein rekkje sjøfuglreservat og fredingsområde langs kysten. Desse er merka med skilt. Føremålet er først og fremst å sikre sjøfuglane ro i hekketida.

I hekketida er det forbode å ferdast på land i sjøfuglreservata. Det er også i mange tilfelle ferdselsforbod i eit område på sjøen i ein avstand av 50 m frå land. Tidsrommet for ferdselsforbodet kan variere mellom ulike område.

Opplysingar om ferdselsforbod og andre reglar om ferdsel og friluftsliv som gjeld for sjøfuglreservata kan du få ved å vende deg til kommunen, Fylkesmannen eller Direktoratet for naturforvaltning.

Vis omsyn!

Ferdsel ved oppdrettsanlegg

Ta omsyn til andre som ferdast i kystsona og til næringsutøvarar som driv si verksemd der.

- Av sikkerheitsgrunnar er det forbode å fiske nærare enn 100 m, eller ferdast nærare enn 20 m frå oppdrettsanlegg og frå slepekast eller notsteng som er fortøydd i land eller ankra opp på annan måte.
- Køyr forsiktig når du passerer oppdrettsanlegg og notsteng.

Ta vare på skjergarden

Det er viktig at vi forlet naturen slik vi ønskjer å finne den. La ikkje avfall bli liggande igjen i skjergarden, men ta det med heim og sørg for at det vert teke hand om på forsvarleg vis.

- Kast ikkje oljehaldig avfall og emballasje, verken på sjø eller land. Spillolje skal leverast på mottaksanlegg eller i marinaer.
- Plantelivet i skjergarden er sårbart. Bryt derfor ikkje av kvistar og tre. Ta heller ikkje opp planter med rota - kanskje veks dei aldri fram igjen.
- Hundar skal haldast under kontroll når du går i land frå båt.
- I hekketida er det forbode å forstyrre og plukke egg frå reir.
- Unngå forstyringar der kystselen har fast tilhaldsstad.
- Hugs at i sommarhalvåret er det forbode å tenne eld mange stader.
- Ikkje trakk på dyrka mark og eng, og unngå å ferdast i skogplantefelt på bar mark.
- Følg fartsreglane i sund og tronge farvatn.



Foto: iStock

Sikkerheit

- Bruk alltid redningsvest.
- Ikkje stå i båten, og plasser deg slik at den er godt balansert.
- Ver ikkje fleire i båten enn den er godkjent for.
- Hald deg ved båten dersom du fell i sjøen.
- Dersom du skal redde ein som har falle over bord, ta vedkommande opp bak i båten.
- Ring 113 dersom det skjer ei ulukke.

Beredskap og overvaking

Norskekysten utgjør eit unikt og mangfaldig, men også sårbart naturområde. Ei rekkje offentlege etatar og institusjonar har derfor etablert rutinar for beredskap og overvaking i kystsona.

Fiskeridirektoratet

Fiskeridirektoratet er ansvarleg myndigheit for følgjande krisehandteringar:

- Skadelege algar og maneter.
- Ilanddrivne sjøpattedyr (i samarbeid med Mattilsynet og Kystverket).

Vi deltar også innan desse beredskapsområda:

- Akutt forureining (grunnstøytingar, oljeutslepp, kjemikalieutslepp med meir). Ansvarleg myndigheit er Kystverket.
- Atomulukker/radioaktivitet. Ansvarleg myndigheit er Statens strålevern.

Du kan lese meir om Fiskeridirektoratet sitt beredskapsansvar og andre etatar sitt arbeid for å verne om miljøet og ressursane i kystsona ved å gå til «Beredskapsportalen» på fiskeridir.no. Direktoratet sin beredskapstelefon er 03415.

«Munin»

Fiskeridirektoratet har eit eige hurtiggåande kystoppsynsfartøy som heiter «Munin».

Kontakt: Telefon: 916 15 504 / e-post: fismu@online.no

Kystverket

Kystverket er Fiskeri- og kystdepartementet sin etat for sjøtransport, sjøsikkerheit, hamner og beredskap mot akutt forureining.

Statens naturoppsyn

Statens naturoppsyn utfører overvaking i kystsona. Kontaktinformasjon for ulike distrikt og båtar får du ved å vende deg til Statens naturoppsyn.

Kystvakten

Kystvakten sine fartøy patruljerer langs kysten heile året. Kystvakten er der for å hjelpe personar som er i nød, eller fartøy som treng assistanse. Kontroll med fiske langs kysten og til havs er ei høgt prioritert oppgåve for Kystvakten.

Nyttig kontaktinformasjon

Fiskeri- og kystdepartementet

Telefon: 22 24 90 90 www.regjeringen.no/nb/dep/fkd.html

Kystverket

Telefon: 07847 / Vakttelefon: 33 03 48 00 www.kystverket.no

Kystvaktskvadron Sør

Telefon: 55 50 22 60 www.mil.no/sjo/kv/start/avd

Kystvaktskvadron Nord

Telefon: 76 11 20 00 www.mil.no/sjo/kv/start/avd

Havforskningsinstituttet

Telefon: 55 23 85 00 www.imr.no

Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES)

Telefon: 55 90 51 00 www.nifes.no

Direktoratet for naturforvaltning

Telefon: 73 58 05 00 www.dirnat.no

Statens naturoppsyn

Telefon: 73 58 05 00 www.naturoppsyn.no/

Sjøfartsdirektoratet

Telefon: 52 74 50 00 www.sjofartsdir.no/no

Mattilsynet

Telefon: 06040 www.mattilsynet.no

Klima- og forureiningsdirektoratet

Telefon: 22 57 34 00 www.klif.no

Norges Fritids- og Småfiskerforbund

Telefon: 975 95 098 www.nfsf.no

Norges jeger- og fiskerforbund (NJFF)

Telefon: 66 79 22 00 www.njff.no

Småbåtregisteret v/Redningsselskapet

Telefon: 81 54 40 55 www.nssr.no/sbr/



FISKERIDIREKTORATET

Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen
Telefon: 03495, faks: 55 23 80 90
Besøksadresse: Strandgaten 229 Bergen
E-post: postmottak@fiskeridir.no
Internett: www.fiskeridir.no



Miljømerket trykksak 241 699 – Trykk: Bodoni – Foto omslag: Samfoto

